



Kommunane og regionale etatar i Hordaland

Dato: 12.05.2015
Vår ref.: 2014/14561-81
Saksbehandlar: pernord1
Dykkar ref.:

Regional plan for attraktive senter i Hordaland

Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel er utarbeidd gjennom ein brei prosess med stort engasjement i heile fylket. Planen vart vedteken av Hordaland fylkesting 10. desember 2014.

Planen vert no ein viktig reiskap for ei framtidretta utvikling av heile fylket. Planen skal leggjast til grunn for regionale organ si verksemd, og for kommunal og statleg verksemd i regionen. Handlingsprogrammet til planen skal bidra til at vi når måla i planen.

Hordaland fylkeskommune vil takka alle som har bidratt i planprosessen. Samstundes vil vi oppmoda alle om å bruka planen aktivt, og saman utvikla eit attraktivt fylke.

Plandokumentet og informasjon om planprosessen m.m. finn ein på www.hordaland.no. Planen inneheld regional planbestemmelse; kapittel 4.3 s. 49. Denne erstattar rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre.

fylkesordførar